



Freka Invest AS v/Alf Helge Moldekleiv

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4043 - 14/19892

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

18.12.2014

Godkjenning - Søknad om arealoverføring frå GBNR 27/86 til GBNR 27/138

Administrativt vedtak. Saknr: 370/2014

Saksutgreiing:

Ved søknad journalført 20.10.2014 har Freka Invest AS søkt om overføring av eit areal på ca 260 m² frå gbnr 27/86 til gbnr 27/138, jf pbl § 20-1 bokstav m. Det er vidare rekvirert oppmålingsforretning.

Søknaden er underskrive av heimelshavar bnr 86, Christian Rasmussen, og heimelshavar til gbnr 138, Freka Invest AS v/Alf Helge Moldekleiv. I søknaden er det opplyst at arealoverføringa skal leggje til rette for biloppstillingsplass på bnr 138.

Vurdering:

Plangrunnlag:

Både avgjevareigedomen og mottakareigedomen er uregulerte eigedomar som i kommuneplanen sin arealdel er vist som LNF-område. På begge eigedomane er det oppført einebustader. Arealoverføringa har ikkje verknad for arealbruken av eigedomane eller omsøkt areal. Administrasjonen kan difor ikkje sjå at det er behov eller grunnlag for å krevje dispensasjonshandsaming av søknaden.

Nabovarsling:

Arealoverføringa er nabovarsla eigar av gbnr 27/18, Anne Karin Moldekleiv, som ikkje har hatt merknader i saka.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det er ikkje andre naboeigedomar som vert berørt av tiltaket. Administrasjonen finn at nabovarslinga er tilstrekkeleg, jf pbl § 21-3.

Andre nabomerknader som er ført på saka og sendt søkar for uttale vedkjem ikkje denne saka, men ei anna nabovarsla – enno ikkje omsøkt – arealoverføring frå gbnr 27/18 til 27/138.

Vilkår i plan- og bygningslova:

Med tilvising til ovannemnde vurderer administrasjonen søknaden som tilstrekkeleg opplyst for godkjenning. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve).

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 260 m² frå gbnr 27/86 til gbnr 27/138 i samsvar med søknad journalført 20.10.2014 og som vist på situasjonskart motteke same dato og stempla godkjent 18.12.2014. Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jfr pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent situasjonsplan - Arealoverføring til gbnr 27-138 frå bnr 86

Mottakere:

Freka Invest AS v/Alf Helge

Mottakere:
Moldekleiv